

## KOMMISJONSVEDTAK

2015/EØS/10/14

av 18. august 2008

**om endring av vedtak 2007/870/EF med omsyn til naudvaksinasjon med markørvaksine mot klassisk svinepest av svin i driftseiningar i Romania***[meldt under nummeret K(2008) 4360]***(Berre den rumenske teksta er gyldig)**

(2008/682/EF)(\*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til tilmeldingstraktaten for Bulgaria og Romania,

med tilvising til tilmeldingsakta for Bulgaria og Romania, særleg artikkel 42,

med tilvising til rådsdirektiv 2001/89/EF av 23. oktober 2001 om fellesskapstiltak for bekjempelse av klassisk svinepest<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 19 nr. 3 tredje leddet, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I direktiv 2001/89/EF er det fastsett minstekrav til fellesskapstiltak for motkjemping av klassisk svinepest. Desse tiltaka omfattar ei føresegn om at medlemsstatane, etter at det er påvist eit primærttilfelle av klassisk svinepest hjå villlevande svin, skal leggje fram for Kommisjonen ein plan med tiltak for utrydding av denne sjukdommen. Desse tiltaka omfattar òg føresegner for naudvaksinasjon av svin i driftseiningar.
- 2) Kommisjonsvedtak 2007/870/EF av 21. desember 2007 om godkjenning av planane for 2008 for utrydding av klassisk svinepest hjå villlevande svin og naudvaksinasjon av slike svin og svin i driftseiningar mot denne sjukdommen i Romania<sup>(2)</sup> vart vedteke som eitt av fleire tiltak for å motkjempe klassisk svinepest i denne medlemsstaten. Det nemnde vedtaket skal nyttast fram til 31. desember 2008.

- 3) Ein av planane som er godkjende ved det vedtaket, gjeld naudvaksinasjon med markørvaksine mot klassisk svinepest hjå svin i driftseiningar. Tilgangen til ein slik vaksine vart meir avgrensa etter at denne planen vart godkjend. Romania har difor endra denne naudvaksinasjonsplanen.
- 4) Romania sende inn den endra vaksinasjonsplanen til Kommisjonen for godkjenning 30. juni 2008.
- 5) Den endra planen er vorten granska av Kommisjonen og funnen å vere i samsvar med direktiv 2001/89/EF. Planen bør difor godkjennast.
- 6) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

I artikkel 3 i vedtak 2007/870/EF vert datoen «29. november 2007» bytt ut med «30. juni 2008».

*Artikkel 2*

Dette vedtaket er retta til Romania.

Utfærd i Brussel, 18. august 2008.

*For Kommisjonen*

Androulla VASSILIOU

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 222 av 20.8.2008, s. 9, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 1/2010 av 29. januar 2010 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 19 av 22.4.2010, s. 1.

<sup>(1)</sup> TEF L 316 av 1.12.2001, s. 5. Direktivet sist endra ved kommisjonsvedtak 2007/729/EF (TEU L 294 av 13.11.2007, s. 26).

<sup>(2)</sup> TEU L 340 av 22.12.2007, s. 105.